



Eva Kristin Nordnes
Floghaugane 32
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/2887 - 17/23361

Saksbehandlar:
Merethe Tvedt
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:
23.11.2017

Løyve til oppføring av Tilbygg til bustadhus - gbnr 22/241

Administrativt vedtak. Saknr: 316/2017

Eva Kristin Nordnes

Tiltakshavar:

Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-4

SAKSUTGREIING:

Saka gjeld:

Eva Kristin og Thomas Nordnes har søkt om oppføring av tilbygg opplyst til 19,5 m², til sin einebustad på gbnr 22/241 på Mjåtveit. Tilbygget er på vestsida av bustaden og skal nyttast som TV-stue/opphaldsrom.

Det vert vist til søknad med vedlegg journalført motteke 14.11.2017.

Nabovarsling:

Tiltaket vart nabovarsla i perioden 27.10 – 30.10.2017. Det er ikkje komen merknader til tiltaket, og nabovarslinga vert rekna som tilstrekkeleg etter Pbl § 21-3.

Lov- og plangrunnlag:

Oppføring av tilbygg til eksisterande bustad og fasadeendring er «tiltak» etter pbl § 20-1 bokstav a) og c), og er søknadsppliktige tiltak som kan forestås av tiltakshavar, jf. pbl § 20-4.

Eigedomen er gjennom reguleringsplanen for Mjåtveitmarka (planid: 125620060002) regulert til frittliggjande småhusbusetnad, B_20. Tillat tomteutnytting (BRA) for dette område er 35 %.

Tiltaket er i tråd med reguleringsplanen.

Tiltaket si plassering, høgd og avstand til nabogrense:

Det følgjer av pbl § 29-4 første ledd at kommunen skal godkjenne omsøkt plassering, medrekna høgdeplassing, og byggverket si høgd.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Plassering som omsøkt kjem ikkje i strid med avstand kravet i pbl § 29-4 andre ledd. Tiltaket kjem ikkje i konflikt med byggegrense i vest og kommunen godkjenner tiltaket som vist på situasjonskart journalført motteke 14.11.2017.

Tiltaket si utforming og utsjånad:

Kommunen finn at det omsøkte tiltaket stettar krav til utforming, funksjon og utsjånad i pbl §§ 29-1 og 29-2, i samsvar med vedlagte teikningar.

VEDTAK:

«Meland kommune gjev i medhald av pbl § 20-4 løyve til oppføring av tilbygg på 19,5 m² på gbnr 22/241 som omsøkt. Grunngevinga går fram av saksutgreiinga og vurderinga ovanfor.

Dei opplysningar om byggjetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden vert registrert i matrikkelen, jf matrikellova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustader og adresse.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, med mindre noko anna går fram av vurderinga over eller gjennom tidlegare godkjenning.»

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt
rådgjevar byggjesak

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Situasjonskart
Utvendige teikningar
Søknad om løyve til tiltak uten ansvarsrett GBNR 22/241

Mottakarar:

Mottakarar:

Eva Kristin Nordnes
Thomas Nordnes

Floghaugane 32 5918
Floghaugane 32 5918

FREKHAUG
FREKHAUG